

## • Toll på landbruksvarer



**Motset veg:** – Noreg bør heller heva tollen på fisk og tekstilar. Då ville vi hatt noko å forhandle om i nye forhandlingar, seier Christian Anton Smedshaug i Agri Analyse.

# – Kutt ikkje bra for fattige ell

**Tollkutta regjeringa gjennomfører på landbruksvarer er dårleg nytt både for bønder i dei fattigaste landa og for bønder her i landet, ifølgje analytikar.**

Frå 1. januar kutta regjeringa tollen på ei rekke landbruksvarer frå 24 såkalla «lågare mellominntektsland», også omtalt som «dei nest fattigaste landa». I regjeringsplattforma signaliserer regjeringspartia Høgre, Frp, Venstre og KrF at den kursen vil halde fram.

### – Strategisk ukløkt

Landbruks- og matminister Olaug Bollestad lovar at norske bønder ikkje skal bli ramma. Ho skriv i ei melding til Nationen at tollkutta skal bli «bra både for de

*fattige og for norsk landbruk».*

Christian Anton Smedshaug, som er analytikar og landbruksforskar i AgriAnalyse og førsteamanuensis ved universitetet på Ås (NMBU), stiller seg tvilande til det. Han trur tvert imot at grepa til regjeringa er dårleg nytt for bønder både i dei fattigaste landa og her i landet.

– Ved å betre forholda for dei nest fattigaste landa, så svekker ein konkurransefordelen som dei aller fattigaste landa har. Eg er usikker på om det er eit presist verkemiddel, seier Smedshaug.

Han som viser til at dei aller fattigaste, såkalla MUL-landa har tollfri tilgang til den norske marknaden i dag.

Smedshaug kallar tollkutt strategisk ukløkt.

– Ved stadig å fjerne tollsatsar einssidig, som vi kunne forhandla om i andre samanhengar, svekker vi den norske forhandlingsposisjonen. Det er handelsstrategisk ukløkt. I første omgang trur eg ikkje desse tollkutta vil ha store direkte konsekvensar for norsk jordbruk, men over tid er eg bekymra for at forhandlingsposisjonen stadig blir svekka, seier Smedshaug.

### Vil gå motset veg

Smedshaug viser til at forhandlingane om handelsvilkår dei siste åra i aukande grad har gått

bort frå WTO og multilaterale forhandlingar til å bli meir tosidige forhandlingar mellom enkeltland.

Sidan Norge i stor grad har fjerna tollen på dei fleste varer utanom landbruksvarer, så har vi ifølgje Smedshaug lite å gi i forhandlingane utanom på felt som er svært viktige for norsk jordbruk. Med kutta i tollen som regjeringa her går inn for, så går ein endå lenger i den retning, ifølgje Smedshaug.

Han tar til orde for å snu trill rundt.

– Ein bør heller heva tollen på fisk og tekstilar. Då ville vi hatt noko å forhandle om i nye forhandlingar. Det er vanskeleg å sjå at verken dei fattigaste eller norske bønder har noko å hente på det som nå skjer, seier han.

– *Meiner du Bollestad ikkje har sine ord i behald når ho seier det skal bli bra både for fattige og norsk landbruk?*

– Det verkar veldig optimistisk. For norsk landbruk er det vanskeleg å sjå at dette har nokon oppside. For dei aller fattigaste blir konkurransen hardare mot dei nest fattigaste. Det er vanskeleg å sjå at det hjelper dei fattigaste, seier han.

### – Frihandel eit problem

Smedshaug seier det er lite som tyder på at meir frihandel med mat er gunstig for fattige småbønder i uland. Han seier det er store handelskonsern og dei store farmane som tener mest på ei slik utvikling.

– For dei mindre bøndene, som slit med låge prisar, er frihandel





Foto: Siri Juell Rasmussen

## Fakta

### Tollkutt for fattige land

- Det norske GSP-systemet (Generalized System of Preferences) gjør det mogleg for u-land å eksportere varene sine til låg eller ingen toll til Norge.
- Systemet er i dag sett i verk for omtrent 90 land og område, der omtrent 35 av disse er såkalla minst utvikla land (MUL).
- I motsetnad til frihandelsavtalene er GSP-ordninga ein-sidig. Det vil seie at norske eksportørar ikkje får lågare toll for produkta sine ved eksport til eit GSP-land.
- Regjeringa kutta frå nyttår

tollen med 20 prosentpoeng på ei rekke landbruksvarer frå 24 land i den nest nederste inntektskategorien, såkalla «lågare mellominntektsland». MUL-landa har frå før ingen toll på eksport til Norge.

- I regjeringsplattforma står det at regjeringa vil «sikre de nest fattigste utviklingslandene bedre tollbetingelser enn øvrige mellominntektsland ved å redusere tollsatser for alle varer som omfattes av den norske tollpreferanseordningen».

KJELDE: LANDBRUKSDIREKTORATET OG GRANAVOLDEN-ERKLÆRINGA



**Tollkutt:** Regjeringa, her ved landbruks- og matminister Olaug Bollestad (KrF) og finansminister Siv Jensen (Frp), satsar på at tollkutt og meir frihandel skal hjelpe bønder i fattige land. Dei får motbør frå forskarhald.

Foto: Siri Juell Rasmussen



**Kritisk:** Tollkutt og auka eksport av mat frå fattige land er ikkje ei god oppskrift verken for fattige småbønder eller norsk landbruk, ifølgje Christian Anton Smedshaug i Agri Analyse, som talar regjeringa midt imot.

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

# ler norske bønder

meir eit problem enn ei løysing. Frihandel som løysing for verdas bønder er eit dårleg dokumentert verkemiddel, seier han.

Han meiner småbønder i fattige land snarare treng ein betre regulert marknad, meir aktiv nasjonal jordbrukspolitik og eit fungerande tollvern, slik at dei kan ta høgare prisar og på den måten betre infrastrukturen og auke produksjonen og produktiviteten.

– Det er betre å bygge opp ordningar som kjem vanlege bøn-

der i dei fattige landa til gode og heller bidra til internhandel og regionale marknader der land i Afrika handlar med kvarandre, seier han.

### Vil ha lokal satsing

I utviklingskapittelet i regjeringsplattforma skriv regjeringspartia at Norge skal vere ein pådrivar for frihandel og at handelen med fattige land skal aukast. I tillegg står det at «bistanden til matsikkerhet og klimatilpasset landbruk» skal

trappast opp og at regjeringa vil legge fram ein handlingsplan for berekraftige matsystemer som skal sjå matsikkerhet, handel, landbruk og ernæring i samanheng.

Smedshaug kommenterer det slik:

– Det kan vere fint så sjå det i samanheng, men først og fremst bør ein jobbe for å få opp produksjonen og produktiviteten blant vanlege småbønder i desse landa. Det er ikkje sikkert ein får til det med den breie inngangen og fokus på handel og globale system. Får ein opp produksjonen og for edlinga av mat lokalt, så har ein større sjanse til å få til ei god utvikling i lokalsamfunna.

**Bjarne Bekkeheien Aase**  
bjarne.aase@nationen.no

## Kritisk til tollkutt

«Det er vanskeleg å sjå at verken dei fattigaste eller norske bønder har noko å hente på det som nå skjer.»

Christian Anton Smedshaug, landbruksanalytiker



**Har tillit:** Styreleder Anne Jødahl Skuterud på Felleskjøpets Årsmøte i 2018. Foto: Vidar Sandnes

## Anne Jødahl Skuterud er innstilt til gjenvalg

### FELLESKJØPET

**Styreleder Anne Jødahl Skuterud er innstilt for gjenvalg som styreleder i Felleskjøpet Agri. Skuterud blei valgt inn som styreleder for første gang i 2016.**

Skuterud er innstilt som styreleder for en tredje/fjerde periode, ifølge en pressemelding fra Felleskjøpet.

– Anne Jødahl Skuterud leder styrets arbeid svært godt og representerer selskapet utad på en samlende måte. Hennes profil med solid næringslivserfaring kombinert med dype røtter i landbruket er avgjørende for jobben, uttaler Oddvar Tynes, leder av valgkomiteen i Felleskjøpet i pressemeldingen.

### Legger vekt på stabilitet

Tynes viser til at Felleskjøpet står overfor store endringer de neste årene, og at valgkomiteen derfor har valgt å fokusere på stabilitet med gjenvalg av alle eiertillitsvalgte i sin innstilling.

– Styret jobber godt sammen og er svært motivert for å gjøre jobben på vegne av medlemmene, samtidig som de har den rette kompetansen til å utvikle selskapet videre, sier Tynes.

Valgkomiteen har lagt fram sin innstilling til nytt styre inkludert styreleder. Harald A. Lein er innstilt på gjenvalg som

nestleder for en ny periode. Alle øvrige styremedlemmer som er på valg er innstilt for en ny periode i Felleskjøpet Agri styre.

### – Ser frem til å fortsette

Anne Jødahl Skuterud ser fram til å fortsette arbeidet som styreleder, heter det i pressemeldingen.

– Hovedjobben for Felleskjøpet er å fortsette arbeidet med å styrke bondens økonomi på kort og lang sikt, sier Skuterud. Hun omtaler Felleskjøpet som bondens partner, som jobber kontinuerlig med å forbedre sine leveranser til bonden.

– I tillegg er vi opptatt av at samfunnets forståelse for norsk matproduksjon styrkes. Samfunnets søkelys på klima og bærekraft inneholder både utfordringer og muligheter for norsk landbruk. Det er spennende tider, og Felleskjøpet har en nøkkelrolle i framtidens løsninger for landbruket. Dette er en jobb jeg brenner for og gleder meg til å fortsette, sier Anne Jødahl Skuterud.

Arne Elias Østerås, Wenche Ytterli og Karl-Oscar Fosshaug er på valg i år, ifølge pressemeldingen. Alle innstilles for en ny toårs periode. Thor Johannes Rognby og Trond Petter Ristad kommer inn ny som henholdsvis første og tredje vara.

**Mone Celin Skrede**

mone.skrede@nationen.no

## Lillelien ny distriktsdirektør i NRK

**Marius Lillelien blir ny direktør for NRKs distriktsdivisjon etter Grethe Gynnild-Johnsen.**

Lillelien (53) kom frå musikkbransjen til NRK og stillinga som musikk-sjef i NRK P3 for 20 år sidan. I 2002 vart Lillelien kanalsjef for NRK P3, mens han dei siste åra har vore radiosjef i NRK.

– NRKs viktigaste oppgåve er å samle og engasjere alle som bur i Noreg. Det er det ikkje mogleg å få til utan distriktsdivisjonen. Vi har flinke folk i heile landet som bidreg til å binde Noreg saman, seier Lillelien.

Kringkastingsjef Thor Gjer-

mund Eriksen trekker fram den breie erfaringa til den nye distriktsdirektøren.

– Marius har ein bakgrunn og kompetanse som matchar dei utfordringane distriktsdivisjonen står framfor. Den viktigaste oppgåva blir å løyse oppdraget til divisjonen om å spegle heile landa overfor alle målgrupper gjennom god publisering og bruk av alle plattformar. Vi kjenner Marius som ein god og erfaren leiar med gjennomføringskraft og gode kommunikasjonssevner, seier Eriksen.

Distriktsdivisjonen har i overkant av 900 medarbeidarar og er organisert i fem regionar og 15 distriktskontor. ©NPK